

VEKEPLAN 1.trinn

Veke: 44



Ansvarselevar:

1A: Mikkeline og Gustav

1B: Anita og Albert

Kontaktlærer:	E-mail:
1A Ina Forland	Ina.forland@austevoll.kommune.no
1B Kjersti Mæland	Kjersti.meland@austevoll.kommune.no
Administrasjon 55081321 Skulen si heimeside: www.minskule.no/storebo	



Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.10-09.40	Samlingsstund/ Leik	Symjing 1A Stasjonar 1A	Samlingsstund/ Leik	HA MED-DAG! 	Halloween, leik på tvers av 1.trinn
09.40-10.05	Friminutt				
10.05 -11.35	Matte	Matte/ Gym 1B	Tur til Åsen	Engelsk	Musikk
11.00-11.35	Mat	Mat	Mat	Mat	Arbeidsøkt
11.35- 12.00	Friminutt				
12.00-12.45	Stasjonar	Arbeidsøkt	Tur til Åsen	Arbeidsøkt/ biblioteket	SKULEDAGEN AVSLUTTET 11.35
	SKULEDAGEN AVSLUTTET kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTET kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTET kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTET kl.12.45	



Info til heimen

Hei 😊

Skulejoggen vart ein suksess, og alle pengane som kom inn går til SOS-barnebyar sitt arbeid for barn i Gaza. Tusen takk for alle bidrag! 😊 FN-veka vart avslutta med ei felles samling for småtrinnet, der klassane hadde ulike innslag. Ei innhaldsrik og kjekk veke!

Det vert bytte av **symjing** og **gym** for klassane denne veka. **1A** skal ha symjing og **1B** skal ha gym på tysdag.

1A skal ha symjing på tysdag og må ha med seg badeklede, handkle, badehette og såpe.

1B skal ha gym, og må ha med seg innesko eller antiskli-sokkar i midtøkta tysdag.

Onsdag er det **uteskule**, og turen går til Åsen. Ta med godt med mat og drikke og kle barnet etter været. Fint om elevane har ein tursekk denne dagen.

På **torsdag** køyrer me endeleg ein **<ha med-dag>** for elevane på 1.trinn. Då får eleven ha med seg ein leike på skulen, på eiga ansvar, som me skal samtale om, skrive om og leike med. Snakk med barnet ditt heime om at leiken skal brukast i undervisninga og leikast med inne, og at den ikkje skal tas med ut i friminutta.

Denne veka byrjar vi med **leselekse i Salto lesebok**. Eleven får derfor både eit lekseark og leselekse i leseboka. Sjå på leksearket før de byrjar på leseleksa. Framover kjem vi til å ha fokus på å bruke **Superblikk** på teksten, og me ynskjer at de bruker dette heime også. Det står forklart kva eit **Superblikk** er på leksearket. Det er særskilt viktig at barnet les på det nivået det meistarar. Nivåa er stjerne, måne og sol. Dersom eleven les på stjerne, kan det vere kjekt om de les dei andre tekstane høgt for han/ho heime. Det er fint om det blir lagt **bokbind** på leseboka i løpet av denne veka. Leseboka skal liggje i sekken.

På **fredag** er det **Halloween!** Dei som ynskjer, kan kle seg ut denne dagen. I fyrste økt vil me ha leik og aktivitetar i lag på tvers av 1.trinn 😊

Det byrjar å bli kaldt ute, så hugs å fylle på med varme klede og vinterdress.

Helsing Kjersti & Ina



Vekas mål

- Eg kan skrive og gjenkjene bokstaven **j** og **f**.
- Eg kan ta miljøbevisste val.
- Eg veit korleis vi kjeldesorterer.
- Eg kan telje til 10 på engelsk.
- Eg skrive tala opp til fem.
- Eg veit kva eit Superblikk er og eg brukar dette på leseleksa.

Vekas bokstav	Vekas bokstav	Vekas tal
J j	F f	Vi jobbar med tal og mengd opp til 5.

Heimelekse



Måndag og tysdag

Jobb med lekseark 1 og les side 36 og 37 i Salto Leseboka.

Onsdag og torsdag

Jobb med lekseark 2 og les side 38 og 39 i Salto Leseboka.

Leksemappa og leseboka skal alltid liggje i sekken.
Vi samlar inn leksene på fredagen.



